

5.2 Sak til årsmøte i Utdanningsforbundet Øygarden 2024

Forslagsstillar

Medlem/klubb

Even Melheim Mulelid, Fjell ungdomsskule

Tittel

Skriv kort kva saka handlar om

Små kår for kontaktlærarar

Innhaldet i saka

Beskriv saka. Kva er utfordring, problemet og kvifor er dette ei viktig for lokallaget?

Mange lærarar opplever at kontaktlærardelen av jobben er veldig gjevande, men at det blir for dårleg kompensert. For å nemne noko: Kontaktlærartillegget har, i alle høve for oss i tidlegare Fjell kommune, stått heilt i ro i minst 4-5 år. I tillegg føler mange av oss på at denne rolla får stadig utvida innhald, og at ein ikkje får nok tid til å gjere jobben godt nok. Vi ser no at stadig fleire vel å seie nei når dei får spørsmål om å vere kontaktlærar, og vi ønsker oss ikkje ein situasjon kor for mange må ha denne funksjonen mot si vilje.

Forslag til vedtak.

Skriv kortfatta. Kva skal gjerast i saka og kven er evt. mottakar?

Løysing på dette problemet ligg nok på fleire nivå. Det bør vere ein høgare nasjonal standard for både kontaktlærartillegg og kompenserte timar for arbeidet. Vi vil i tillegg at lokallaget ser på om dette er noko vi i tillegg kan finne løysingar på lokalt.

Forslag til vedtak: Årsmøtet vedtek at styret og dei hovudtillitsvalte arbeider med dette lokalt og vil påverke nasjonalt i dei fora me kan. Saka vert òg oversendt til Fylkesstyret.